



Bacheloroppgave

VPL05 Vernepleie

**Utfordringar for menneske med utviklingshemming i
overgangsfasen til eigen bustad.**

**Challenges for people with intellectual disabilities in
transition to a home of their own.**

Inger Longva

Totalt antall sider inkludert forsiden: 39

Molde, 31.05.2012



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

<i>Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruta til høyre for den enkelte del 1-6:</i>	
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen. <input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse. <input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15. <input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiakkontrollert i Ephorus, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver <input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk <input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider <input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: May Østby

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjennelse.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

ja nei

Dato: 31.05.12

Antall ord: 9841

Forord

Ideen til temaet for bacheloroppgåva har eg fått frå dei erfaringar eg har gjort som miljøarbeidar i heimebaserte tenester for menneske med utviklingshemming. I siste praksisperioden, fordjupningspraksisen, var eg så heldig å få vere i Seksjon for habilitering, vaksenteamet. Her fekk eg auka interesse for temaet, fordi eg møtte fagpersonar som hadde kunnskap om dette.

Til arbeidet med oppgåva har eg hatt god støtte og undervising frå lærarar ved høgskulen, frå medstudentar og familien. Takk til May som har rettleia meg, og til Synnøve, Maud, Amanda og Siw, som har gitt konstruktiv kritikk og oppmuntrande ord gjennom arbeidet med denne oppgåva, og i studiearbeit elles igjennom fire år. Sist, men ikkje minst må eg takke Rune og borna, fordi dei har vore tålmodige, lytta og gitt meg gode råd, og delt sine erfaringar frå eigne studiar.

Innhold

1.0 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av tema	1
1.2 Problemstilling.....	1
1.3 Avgrensing og avklaring av omgrep.....	1
1.4 Formål	2
1.5 Relevans for vernepleiarar	3
1.6 Disposisjon	3
2.0 Metode.....	4
2.1 Kva slags metode	4
2.2 Førforståing	6
2.3 Validitet og reliabilitet	6
2.4 Kjeldekritikk.....	7
2.5 Feilkjelder.....	7
3.0 Teori	8
3.1 Overgangsfasar	8
3.1.1 Økologiske overgongar	10
3.2 Identitet	10
3.3 Meistring	12
3.4 ADL- ferdigheter	14
3.5 Utfordrande åtferd.....	15
3.6 Krenkande handlingar	16
4.0 Drøfting	19
4.1 Korleis manglande tryggleik i ein overgangsfase kan påverke dei val og handlingar som vert føretatt.....	19
4.2 Kva for konsekvensar kan manglande tilbakemeldingar få.	20
4.3 Når hjelpetenestene ikkje vert utført på ein fagleg forsvarleg måte.	22
4.4 Kvifor krenkande handlingar kan vere ein konsekvens av for lite støtte.....	26
5.0 Avslutning	27
5.1 Oppsummering og konklusjon	27
5.2 Refleksjon.....	29
Litteratur	31
Vedlegg 1 Intervjuguide	34

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

I det daglege arbeider eg i heimebaserte tenester for menneske med utviklingshemming. Der har eg fleire gongar møtt nye brukarar som har flytta heimanfrå, og vorte tilknytt våre tenester. Det har vist seg at dette kan vere ein stor og vanskeleg overgang. Mange av dei har vanskar med å handtere slikt som hygiene, ernæring, husarbeid og sosial omgang. Nokre gongar vert det sett av lite tid til hjelp, andre gongar vil dei ikkje ta imot den hjelpa dei kan få. Vi i hjelpeapparatet vert vitne til at problema veks. Enkelte kan til dømes framstå som meir og meir ustelte, og får negativ merksemd for at dei er illeluktande og skitne. Andre går mykje opp i vekt, og har kjøleskapet fylt med søtsaker, men manglar ordinære varer som mjølk og pålegg. Eg synest det i for liten grad vert fokusert på dette, og at dei ofte får for lite hjelp, og eg er spørjande til kva for konsekvensar dette kan medføre.

1.2 Problemstilling

Ved flytting frå heim til eigen bustad- kva for konsekvensar kan därleg planlegging og tilrettelegging få for menneske med lett utviklingshemming?

1.3 Avgrensing og avklaring av omgrep

Funksjonsnivået for utviklingshemma vert delt i tre grader; lett, moderat og djup grad av utviklingshemming (Eknes m.fl. 2008:19). Eg vil avgrense problemstillinga mi til menneske med lett grad av utviklingshemming. Mi erfaring er at deira hjelpeøyse er mindre synleg, enn for personar med djupare grad av utviklingshemming, og at denne gruppa vert vurdert som lite hjelpetrengande, og får tildelt for få ressursar. Dette har med mi førforståing å gjere, noko eg vil gå nærmare inn på seinare i oppgåva.

Eg har valt å ta for meg situasjonen til brukarane etter at dei har flytta for seg sjølv. Det er fordi det er i dei situasjonane eg har vorte merksam på dei veksande problema. Det kunne også vore nyttig å sjå på korleis utviklingshemma vert førebudd på det nye tilvære, før flyttinga.

Dei siste åra har nemninga psykisk utviklingshemma, eller berre utviklingshemma, vorte forsøkt erstatta med ”menneske eller personar med utviklingshemming”. Meininga er å fokusere på personen i staden for funksjonshemminga, og for å unngå at nemninga utviklingshemma vert identiteten deira (Kittelsaa 2011:12f). Sjølv om eg i hovudsak vel å bruke ei av dei nye nemningane, vil eg også bruke dei ”psykisk utviklingshemma” eller ”utviklingshemma”, og også brukarar, for å få variasjon i språket.

I problemstillinga nyttar eg omgrepet konsekvensar. Her vil eg ikkje berre sjå på konsekvensar som er knytt opp mot åtferda til brukarane, men også konsekvensar for brukaren sitt sjølvbilete, fordi eg ser det som viktig i denne samanheng.

Andre omgrep eg nyttar, er planlegging og tilrettelegging. Dette ser eg som ein del av den hjelpa og støtta kommunale tenester gir, og nyttar derfor omgrepa hjelp og støtte innimellom. Også det for å få variasjon i språket.

1.4 Formål

I arbeidet med problemstillinga, ønskjer eg å kunne synleggjere nokre av dei konsekvensar som manglande planlegging og støtte kan få, for menneske med lett grad av utviklingshemming, og ikkje minst avdekke dei utfordringar overgangen til eigen bustad kan by på. Ved å fokusere på denne gruppa, og problem knytt til manglande funksjonsevne, har eg håp om å kunne understøtte argument for auka ressursar, førebygging og god planlegging.

1.5 Relevans for vernepieleiarar

Mange vernepieleiarar arbeider i heimebaserte tenester for menneske med utviklingshemming. Dei vil møte unge brukarar som skal etablere seg i eigen bustad. Det er viktig å kunne ta i mot desse på ein gjennomtenkt og godt planlagt måte. Vernepieleiarar skal setje brukaren i sentrum, og handle til det beste for henne/ han, men må også ta omsyn til økonomiske rammer. Dersom det er slik at personar med lett utviklingshemming blir sett på som lite ressurskrevjande, og hjelpetenester deira vert ein salderingspost, er det viktig for vernepieleiarar å kjenne til kva for konsekvensar manglande hjelp kan få. På den måten kan ein argumentere for betre rammevilkår for denne gruppa. Det kan ha mykje å seie for livskvaliteten deira.

1.6 Disposisjon

I Innleiing, i kapittel 1, forklarar eg kva for tema eg har valt, kvifor eg har valt det, og kvifor det er relevant for vernepieleiarar. Kapittelet inneheldt også problemstilling, og avgrensing av denne. I 2. kapittel tar eg for meg val av metode, grunngjeving og kva eg kunne gjort annleis. Vidare skriv eg om mi førforståing, reliabilitet, validitet, kjeldekritikk og feilkjelder knytt til metoden. I 3. kapittel trekkjer eg fram ulike teoriar eg har valt, for så å sjå problemstillinga i lys av desse i kapittel 4.0. Oppsummering, konklusjon og refleksjon kjem i 5. kapittel, og oversikt over valt litteratur til sist. Vedlagt ligg ein intervjuguide som eg nytta ved intervju av ein vernepieleiar i siste praksisperioden.

2.0 Metode

2.1 Kva slags metode

Til denne oppgåva har eg nytta litteraturstudie, som er ein kvalitativ metode. Dalland (2007) definerer omgrepet metode som den reiskapen vi bruker for å undersøkje noko. Ved bruk av ein kvalitativ metode samlar vi data for å karakterisere eit fenomen. I motsetnad til kvantitativ metode, kan vi her ikkje talfeste dei funn vi gjer. I kvalitativ metode går ein i djupna og finn det særeigne, og eventuelt det avvikande om emnet. Ved bruk av denne metoden, forsøkjer ein å få fram samanhengar , tolkar det ein finn og formidlar si forståing av funna (Dalland 2007:81ff).

Gjennom mitt utval av teori, har eg sett at det berre utgjer ein liten del av det som er å skrive om det temaet eg har valt. Eg har likevel forsøkt å sjå nærare på det eg har valt ut, sett dei ulike teoriane opp mot kvarandre og drøfta funna og tolkingane mine av dei, og sett det opp mot eigne og andre sine erfaringar. Dei første utkasta til problemstillingar eg arbeidde med, var ikkje tydelege nok til at eg greidde å finne litteratur ved bruk av søkeord i BIBSYS. Den litteraturen eg har brukt, har eg til dels funne fram til på biblioteket, og dels etter tips frå fagkonsulentar ved habiliteringstenesta, der eg hadde fordjupningspraksis. Då har eg fokusert på emna overgangar, sjølvstende, autonomi og lausriving, i samband med utviklingshemming og funksjonshemming. Her har eg brukt Nilsson og Lühr (red.)(1998), Kittelsaa (2011), og Ellingsen (red.)(2007), Helsedirektoratet sin Handlingsplan for habilitering av barn og unge (2009), samt ein prosjektrapport frå Helgelandssykehuset Mosjøen (2011).

Etter sok på NAKU (Nasjonalt kompetansesenter om utviklingshemning) sine sider, Kunnskapsbanken, har eg funne ein artikkel og eit faghefte om overgangfasar frå foreldreheim til eigen bustad, og ein artikkel om forsking kring mobbing og psykiske vanskar. I sistnemte artikkel fann eg eit samband til endringar i butilhøve, som kan knytast til overgangfasen frå barn til voksen. På NAKU sine sider fann eg også ein rapport om levekår, tenestetilbod og rettstryggleik. I tillegg til dette har eg nytta litteratur frå pensum, om kommunikasjon, psykologi, habilitering, nettverksteori, ADL- teori, seksualitet, identitet og meistring.

I fordjupningspraksisen intervjuja eg ein vernepleiar. Det var eit halvstrukturert intervju, som også er ein kvalitativ metode. Eg stilte henne fem spørsmål om kva for problem fagpersonane møter i kommunane, når det gjeld menneske med utviklingshemming som skal flytte heimanfrå til eigen bustad (vedlegg 1).

Dalland påpeikar fordelar og ulemper ved å intervju fagfolk. Som fordel kan nemnast at ein kan ta direkte kontakt med ein person som har mykje kompetanse om temaet for intervjuet, svara treng mindre etterarbeid, fordi dei er ofte gjennomtenkte, og intervjuar og intervjuobjekt forstår kvarandre lettare, fordi ein arbeider med same tema. Som ulempa trekker han fram at objektet kan verte for sakleg, i staden for å gi spontane svar der ein får innblikk i livsverda til objektet, og fagpersonen kan verte doserande (Dalland 2007:145f).

I forkant av intervjuet, formulerte eg nokre få spørsmål, som eg tenkte vi kunne samtale omkring. Eit slikt forarbeid vert kalla ein intervjuguide. Det er den planen ein legg for intervjuet, og som kan formast på ulike måtar. Den treng ikkje vere grundig strukturert. Spørsmåla kan bli til etter kvart, men følgjer det temaet som er valt. På den måten vert det dynamikk i intervjuet. Guiden vert som ei rettesnor for intervjuaren (Dalland 2007:148). Eg såg samtalen kring eit tema som vi begge hadde erfaringar med, som lærerikt for meg, fordi vernepleiaren hadde stor kompetanse, etter mange år som sakshandsamar i spesialisthelsetenesta.

Ein metode og ei lære innanfor vitskapen, er hermeneutikk, som handlar om å fortolke nedskrivne tankar og meininger. Dette skjer i ein prosess, ein hermeneutisk spiral, der enkeltdelar vert forstått ut frå heilskapen, og heilskapen vert forstått ut frå enkeltdelane, og der vekselverknaden gir auka forståing for den teksten ein tar for seg (Hauge og Holernes 2005:75ff). I arbeidet med problemstillinga mi, nyttar eg ein slik fortolkingsmetode, der eg set mi forståing av ein teori saman med tolking av andre teoriar, og saman med eigne og andre sine erfaringar, og på den måten oppnår ei større heilskapleg forståing.

2.2 Førforståing

Av erfaring har eg sett at overgangen frå heim til eigen bustad er lite fokusert på, i dei tilfella eg kjenner til, for personar med utviklingshemming, og at det kan oppstå unødig store problem. Dette gjeld både med omsyn til brukaren og til hjelpeapparatet. Det samsvarar også med dei tilbakemeldingar eg har fått, gjennom samtalar med kollegaer, og med fagpersonen i habiliteringstenesta. Det kan synest som at arbeid med tilrettelegging og planarbeid har vore lite framtredande, og at tildeling av personalressursar har vorte nedprioritert. Eg har sett det slik at godtfungerande utviklingshemma personar får for lite hjelp, fordi dei rett etter innflytting kan synest lite hjelpetrengande, og at det i for liten grad vert gjennomført funksjonskartleggingar. Eit spørsmål eg har stilt meg, er om arbeidet med tilsynelatande godtfungerande utviklingshemma, vert sett på som lite ressurskrevjande, eller eit område der ein kan spare.

Mi førforståing av at hjelpetenestene har vore for dårlig planlagt, at ressursane har vore for knappe og nedprioriterte, kan ha påverka mine val av dei fagområda og kjeldene eg ha knytt opp mot konsekvensane.

2.3 Validitet og reliabilitet

I samband med vitskapleg forsking, er det krav til validitet og reliabilitet kring forskingsmetoden. Validitet tyder gyldighet og relevans. For å oppnå truverdig kunnskap, er det krav til at dei målingane som vert utført, må ha relevans for det forskinga gjeld, og dei må vere gyldige. Reliabilitet tyder truverde, og inneber at målingane må verte nøyaktig utført, og at ein må vise til eventuelle feilkjelder (Dalland 2007:48f). I litteraturstudiet mitt har eg nytta anerkjente kjelder, og meiner litteraturen har relevans for problemstillinga. Når det gjeld dei opplysingane eg innhenta gjennom ein samtale i praksisperioden, hadde det styrka reliabiliteten i oppgåva dersom eg hadde vendt meg mot fleire fagpersonar.

Bronfenbrenner (1979) snakkar om økologisk validitet, og meiner med det at dei som deltar i ei vitaskapleg undersøking, verkeleg er i slike omstende som forskaren ønskjer å studere (Bunkholdt 2000:25). Når det gjeld personen ved habiliteringsseksjonen eg

intervjua, hadde ho forståing for, og kunnskap om det temaet eg skriv om. Eg viser til det intervjuet når eg hevdar at oppgåva mi har økologisk validitet.

2.4 Kjeldekritikk

All litteraturen eg har valt, er av anerkjente forfattarar frå ulike forskingsmiljø, både tilhøyrande og utanom pensum. Noko er frå før tusenårsskiftet, og så gammal litteratur kan i enkelte fagområde verte sett på som forelda. For dei tema eg tar opp her, vurderar eg likevel kjeldene som relevante.

2.5 Feilkjelder

I mitt intervju av ein fagkonsulent ved ein vaksenhabiliteringsseksjon, var dei to første spørsmåla lukka (vedlegg 1), noko som avgrensar svaralternativa til intervjuobjektet. I tillegg vil eg påpeike at nedteikningane mine av dei svara intervjuobjektet ga, kan ha vore unøyaktige eller feiloppfatta. Denne overføringa av munnleg samtale til skriftlege nedteikningar, er det Dalland (2007) omtalar som *transskribering*. Deler av samtaLEN kan ha vorte endra, eller detaljar vert utelatne fordi vi ikkje får fram kroppsspråket, mimikken og tonefallet til intervjuobjektet (Dalland 2007:172).

3.0 Teori

Til å finne svar på problemstillinga, vil eg fokusere på overgangfasar, meistring, utfordrande åtferd, krenkande handlingar og ADL- ferdigheiter. I tillegg vil eg ta for meg teori om utviklingsøkologi og identitet.

Eg vil først trekkje fram teori om overgangfasar, og forsøke å knyte det opp mot problemstillinga. Likeeins vil eg sjå nærmare på kva ulike teoretikarar skriv om identitet, og kva følgjer ei svekka identitetskjensle kan få. Meistring ser eg også for meg som eit sentralt tema, både i etableringsfasen og seinare. Her er teori om ADL- ferdigheiter nærliggande å ta med. Teori om utfordrande åtferd og krenkande handlingar ser eg også som aktuelt i denne samanheng.

3.1 Overgangfasar

Når unge etablerer seg i eigen bustad, er dei i overgangen mellom familieheimen og eit liv som voksen. Det livet dei har levd hittil, med støtte og hjelp frå foreldre, og kanskje også søsknen, vert erstatta av eit tilvære åleine, med nye krav og oppgåver som dei skal kunne handtere.

I 2007 ga Sosial og helsedirektoratet, som det heitte den gongen, ut ein rapport om utviklingshemma sine levekår, tenestetilbod og rettstryggleik for personar med utviklingshemming. Rapporten skisserar status, seksten år etter iverksetjing av ansvarsreforma, med eit samandrag av oppnådd kunnskap, og synleggjering av ulike manglar. Her vert det påpeika at helseproblem og etablering i eigen heim er utfordringar unge vaksne utviklingshemma har i deira livsfase.. Vidare vert det nemnd *meistring av dagliglivets gjøremål, arbeid, utvikle sosiale nettverk, fritidsaktiviteter, seksualitet og samliv, ensomhet, mobbing, rus, med mer* (2007,s 27). Rapporten framhevar tilrettelegging for sosiale fellesskap og aktivitetar med andre ungdommar, samt styrking av identiteten og sjølvråderetten deira, som viktig. Til det er det naudsynt med tidleg og langsiktig planlegging, står det (Rapport, Sosial og helsedirektoratet 2007, kap 7.1.5).

Barron m.fl (2007) tar for seg overgangsfasen frå barndomsheim til eigen heim for personar med utviklingshemming. Flyttinga medfører gjerne eit meir komplekst liv, og for denne gruppa kjem det ofte i tillegg til mentale og fysiologiske helseproblem. I artikkelen vert det hevda at den risikoen brukarane utsett seg for i høve daglege aktivitetar, val av livsstil og i møte med andre, er større enn for funksjonsfriske. Det er fordi dei manglar slike ferdigheiter som skal til for å kunne verne seg sjølv. Med anna er dei meir utsette for å oppleve krenkande handlingar, noko som kan medføre lågare sjølvbilete og mindre livsglede.

Vidare vert det også her påpeika at ei planlegging av overgangen er viktig. Planlegginga må omfatte tidspunktet for gjennomføring, førebuing og kartlegging, koordinering av tenestetilbodet og kontinuerleg evaluering av gjennomføringa. Alt dette er kriterium som må på plass for at overgangen skal verte vellukka. I tillegg trengst naudsynt profesjonalitet og fagkompetanse om helse og lovverk, samt kunnskap om organisasjonsstrukturen i dei involverte tenestene, til dømes om kva slags tilnærningsmåtar dei nyttar (Barron m.fl. 2007)

Vernepleiaren ved vaksenhabiliteringstenesta, forklarte at personar med lett grad av utviklingshemming sjeldan vert tilvist, før flytting til eigen bustad. Det skjer ofte først når problema har vorte store. Frå kommunane si side vert det som regel lagt lite vekt på førebygging. Brukarane må ofte dele personale med andre, og får gjerne berre tilsyn. For lite hjelp kan medføre store problem og meirutgifter i form av ressurskrevjande tiltak i etterkant. I Handlingsplan for habilitering av barn og unge (IS-1692) vert det påpeika at tidelege habiliteringstiltak er viktig for utviklingshemma som er i overgangen til vaksenlivet, men at brukarane ikkje opplever det samla tenestetilbodet som heilskapleg og koordinert (Helsedirektoratet 2009:13).

Planlegging, førebuing og samordning av tenester, er altså viktige stikkord her. I utviklingspsykologien har også miljø ei sentral rolle i overgangfasar.

3.1.1 Økologiske overgangar

Utviklingspsykologen Bronfenbrenner tar i sin teori for seg overgang frå barn til vaksen, som ein av fleire vanskelege fasar. I hans økologiske perspektiv på utvikling, ser han individet i kontekst, og set åferd i samanheng med det miljøet barnet direkte og indirekte er ein del av. Utviklinga vert påverka av sosiale relasjonar og påverknad på kryss og tvers i ulike miljø og sosiale samanhengar. Han deler miljøa inn etter kor nært eller fjernt dei står i forhold til barnet. Dei næreste kallar han for mikrosystem. Når barn går frå eitt mikrosystem til eit anna, til dømes frå barnehage til skule, kallar han det for ein økologisk overgang. I slike fasar, som barna gjennomgår mange gongar i livet, manglar dei tryggleik, og vert sårbare. Om dei økologiske skifta vert opplevd som positive eller negative, er avhengig av kjensler, nettverk og gjennomføring (Klefbeck og Ogden 2003:50ff). Menneske med utviklingshemming som flyttar frå barndomsheim til eigen bustad, er i ein økologisk overgang, der nye omgjevnader, nærpersonar, og oppgåver rokkar ved tryggleiken deira.

Bunkholdt (2000) samanliknar det Bronfenbrenner kallar økologiske overgangar med den måten ein annan utviklingsteoretikar, Erik H. Erikson, omtalar kriser. Ho seier at blant anna ved flytting kan slike kriser oppstå, og som Erikson seier det, manglar ein då strategiar for korleis ein skal handtere situasjonen (Bunkholdt 2000:267). Det å flytte for seg sjølv, kan setje utviklingshemma i ein ekstra sårbare situasjon, og ved for därleg planlegging frå hjelpeapparatet si side, vert dei meir utsette for negative konsekvensar. Når ein slik overgangsfase kan innebere lågare sjølvbilete og utryggleik, og opplevast som ei krise, kan det synest nærliggande å ha innverknad på identitetskjensla til den enkelte.

3.2 Identitet

Omgrepet identitet har vorte definert på ulike måtar. Eg vil trekke fram Imsen (1991) sin definisjon;

En følelse av noe konstant og uforanderlig i vårt indre på tvers av ulike situasjoner. Å ha en identitet vil si å kjenne seg selv og vite hva en står for. Det er

en følelse av tilhørighet i forhold til fortid, nåtid og fremtid. Identitet innebærer å ha en trygg og stabil selvoppfatning, og være seg bevist sin sosiale forankring.

(Bunkholdt 2002:62).

Erikson hevdar i sin utviklingsteori at identifisering med andre, er viktige faktorar, og at barnet tar ulike roller etter dette. Som tidlegare nemnt, ser Erikson på overgangfasar som ei utviklingskrise, som vil seie ein psykologisk tilstand som følgje av det nye og ukjente ved den nye fasen. I puberteten, er bygging av fast identitet eit fasetypisk behov, der ei positiv utvikling gir stabil identitet, medan det motsette vil seie identitets- og rolleforvirring (Bunkholdt 2000:192ff). Dette kan ha noko å seie for identitetsbygging i overgangen frå foreldreheimen til eit sjølvstendig liv i eigen heim. Negativ utvikling kan ha negative konsekvensar for sjølvbilete.

Handlingsplan for habilitering av barn og unge (IS-1692), framhevar også utfordringar i frigjeringsprosessen mot eit sjølvstendig liv, der styrking av autonomi, integritet, identitet og sjølvråderett er nokre av dei behova unge utviklingshemma har (Helsedirektoratet 2009:30ff).

Identiteten som utviklingshemma kan overskugge andre særmerke ved personen, skriv Kittelsaa (2011). Ho viser til at Goffman (1967/2005) forklarar identitet som den måten vi presenterer oss for andre, og at bak denne presentasjonen ligg eit ønske om bli sett på ein særskilt måte. Kittelsaa hevdar at menneske med utviklingshemming treng støtte av hjelparar i utviklinga av identiteten, sidan den er sårbar i overgangfasen frå barn til voksen. Nokre gongar treng dei identitetsstøtte, for å få stadfesta det bilete dei vil vise fram av seg sjølv (Kittelsaa 2011:31ff). Dersom ein person med utviklingshemming vil framstå som ein som greier å ta hand om eigen bustad, treng han stadfesting på dette, framfor avsløring av manglande funksjonsevne.

Waaktaar og Christie (2000) hevdar at identitetsoppleving knytt til det instrumentelle område, som vil seie praktiske ferdigheter, har samanheng med andre sine tilbakemeldingar på dei utførte oppgåvene (Tuntland 2006:165). Dei tilbakemeldingane dei utviklingshemma får for den måten dei handterar daglege oppgåver i heimen på, kan altså vere avgjerande. Vert dei nærmast overlate til seg sjølve, kan det verte for få tilbakemeldingar for å kunne korrigere handlingar.

Det vert hevda at når dei rollene ein skal ha i vaksenlivet er tydelege, er det lettare å finne sin identitet (Bunkholdt 2000:211). Dei erfaringane fagkonsulenten ved vaksenhabiliteringa sat inne med, tilseier at for mange av personane med lett utviklingshemming er desse rollene uklare. Ho hevda at mange av dei ser på seg sjølve som normalt fungerande, men at dei finn få eller ingen å identifisere seg med. På den måten fell dei mellom to stolar. Det må fokuserast på at ikkje alle utviklingshemma skal måtte identifisere seg med kvarandre, men danne grupper med personar av tilsvarende nivå og alder, sa ho. I møte med personar som har eit betre funksjonsnivå, kan det, i tillegg til manglande identifisering, også verte eit synleg skilje i meistring av oppgåver.

3.3 Meistring

I eigen heim, vert dei unge stilt framfor mange nye oppgåver dei skal meistre. Dette kan vere oppgåver dei kjenner frå før, men som dei har fått hjelp til å gjennomføre. Det kan også vere oppgåver som er heilt framande, fordi dei i barndomsheimen har vorte utført av andre.

Lars Grue (1998) skriv at unge funksjonshemma som lausriv seg frå foreldra, ønskje å kunne ta eigne val, men vil trenge større grad av råd og rettleiing enn andre ungdommar. Dessutan vil dei kunne oppleve reduserte mogleheter for å velje, som følgje av funksjonshemmingsa deira, eller fysiske og sosiale hindringar i miljøet kring dei (Grue I: Nilsson og Lühr (red.) 1998:46)

Waaktaar og Christie (2000) ser meistring i nært samband med stadfesting av identitet, utfolding, sjølvrealisering, å vere uavhengig og sjølvhjelpt (Tuntland 2006:165). Ved å meistre oppgåver som er knytt til eit sjølvstendig liv i eigen heim, vil dei utviklingshemma kunne få stadfesta identiteten som eit vaksen, sjølvhjelpt og uavhengig menneske. Likevel kan det vere handlingar eller avgjerder dei ikkje har føresetnader til å ta seg av.

Koplinga mellom meistring og identitetskjensle, er noko vernepleiaren ved habiliteringstenesta også framhevar. Når brukarar vert tilvist til habiliteringstenesta, vert først funksjonsferdigheitene kartlagt. Deretter vert det fokusert på å finne arbeidsplass, der

dei kan få oppgåver dei meistrar. Likeeins legg dei vekt på å yte hjelp, slik at brukarane skal kunne meistre oppgåver i heimen.

Lorentzen påpeikar at for utviklingshemma som ikkje er i stand til å regulere eigne handlingar, kan etablering i eigen bustad medføre negativ fridom, dersom dei ikkje har trygge omgjevnader, tydelege rammer og tillitsfulle relasjonar (Lorentzen I: Ellingsen (red.) 2007:98f). Det kan vere sprik mellom krav og forventingar i den nye situasjonen.

Albright (1998) skriv at vi har visse forventningar til ungdom, med anna om at dei skal verte sjølvstendige når det gjeld økonomi og å meistre kvardagen (Albright I: Nilsson og Lühr (red.) 1998:160). Personar med lett grad av utviklingshemming kan oppleve liknande forventingar som ungdommar med normal utvikling har. Det kan også i stor grad verte fokusert på brukarmedverknad og autonomi, slik at behovet for hjelp kjem i bakgrunnen. Dersom det vert lagt stor vekt på at hjelpetrengande i størst mogleg grad skal kunne ta eigne avgjerder, er det fare for at desse kan få eit dårlegare hjelpestilbod (Tuntland 2006: 50).

Godtfungerande utviklingshemma har kanskje hatt hjelpetiltak i skulen, men klarer seg godt utan hjelpeordningar etterpå. Det kan vere vanskeleg å vite kor mange dette gjeld, fordi dei ikkje syner i nokon statistikk (Snoek og Engedal 2000:143). I tilfelle enkelte utviklingshemma vert vurdert som så godtfungerande at dei ikkje lenger treng hjelp, fell dei ut av systemet, og eit eventuelt aukande hjelpebehov vert vanskeleg å fange opp.

Å flytte for seg sjølv, utan å ta imot hjelp i særleg grad, kan også verte sett på som fridom, og verte sett i samband med eit tilvære utan innblanding. Ungdommane får fri frå reglar og krav i familieheimen, og kan ta avgjerder på eiga hand. Christensen og Nilssen (2006) påpeikar at det er ein vanskeleg balansegang mellom ansvar for brukarane , og respekt for integritet til den enkelte (Kittelsaa 2011:119). Fokuset på autonomi kan kanskje dekkje til manglande evne til å greie seg utan hjelp. Utviklingshemma, som ikkje er i stand til å ta handtere den fridom og dei val vaksne sjølvstendige menneske må ta, må få hjelp til å oppnå mest mogleg kunnskap om dette. Vi i hjelpeapparatet må sjå denne hjelpa som eit steg mot sjølvstende og autonomi (Lorentzen I: Ellingsen (red.) 2007:99).

Dei fleste utviklingshemma vert overvurdert, sa vernepleiarene ved vaksenhabiliteringa. Det kan komme av at dei har gode ekspressive ferdigheiter, altså er flinke til å uttrykkje seg. Dette kan skjule eit svakt reseptivt språk, som vil seie at dei ikkje forstår meldingar som vert gitt. Det kan også skjule svake sosiale og adaptive ferdigheiter. Adaptive ferdigheiter kan forklaraast som ferdigheiter til å ivareta seg sjølv, det vil seie ferdigheiter i sjølvstende, i tillegg til ADL- ferdigheiter (Solberg I: Eknes og Løkke (red.) 2009:139). Tenkjer vi oss ein person som kler seg fint, og som er flink til å uttrykkje seg, kan han skjule manglande kunnskap om ernæring, matlaging og hygiene.

I eit faghefte for habiliteringstenesta i Helse Øst vert det påpeika at, ved overgangen til eigen bustad kan brukaren sine ferdigheiter avvike frå den skildringa pårørande har gitt. Dette kan skuldast endring av livssituasjonen, og endringar i tilbakemeldingar og samspele. Her er det også fare for at personen vert overvurdert av hjelpeapparatet, fordi kartlegging av ADL- ferdigheiter manglar (Fjeld m. fl. 2006:20f). Likeeins uttalar Tuntland (2006) at personar med utviklingshemming kan verte overvurdert, og at dei kan ha store manglar i enkelte grunnleggande ferdigheiter. Det gjeld spesielt for heimebuande som har fått meir hjelp enn det opplysingane frå pårørande tilseier (Tuntland 2006: 209f).

ADL- ferdigheiter er eit anna sentralt tema, når det gjeld overgang frå foreldreheim til eigen bustad.

3.4 ADL- ferdigheiter

Ein føresetnad ved å bu i eigen bustad, er at ein meistrar ulike ferdigheiter som matlaging, husarbeid, handtering av økonomi, handling og hygiene (Tuntland 2006:208f). For personar med redusert kognitiv fungering som til dømes kan gjelde abstraksjon, organisering og planlegging, tidsforståing, innsikt, dømmekraft, problemløysing, samt evne til læring, er det viktig med opplæring i ADL- ferdigheiter. Meistring av dette er viktig for å kunne fungere på skulen, i sosiale samanhengar, heime og i nærmiljøet.

Personar med utviklingshemming kan ha ein ujamn ferdighetsprofil, som vil seie at dei er dyktige i enkelte gjeremål, og samstundes ha store manglar på andre område, og kan trenge opplæring for å oppnå ferdigheiter på desse områda. Spesielt gjeld dette i

overgangsfasen til eigen bustad (Tuntland 2006:238). Ein person kan til dømes sjølv ta hand om handling og matlaging på ein fornuftig måte, men har få kunnskapar om hygiene og stell av hus og klede. Det kan også vere at personen greier å lage middag sjølv, men unngår bruk av komfyren av frykt for å brenne seg. Utviklingshemma kan også ha vanskar med å overføre dei ferdigheiter dei har på eit område, til eit anna (Tuntland 2006:210). Eit døme kan vere dersom vaskemaskina må skiftast ut. Sjølv om den nye maskina er av same merket, og har dei same symbola, kan knappane sjå annleis ut, og vere plasserte annleis. Det kan hindre brukaren frå å kunne overføre kunnskap frå bruk av den gamle til den nye maskina.

Det vert feil når utviklingshemma vert tildelt oppgåver dei ikkje har føresetnad til å forstå eller meistre, seier Lorentzen (I: Ellingsen(red.) 2007:112). Ved overvurdering av funksjonsnivået, kan brukarane verte gitt vanskelegare oppgåver enn dei kan handtere. For å hjelpe personar som har vanskar med å lære, er det viktig med hyppig opplæring, i korte bolkar, og utført over tid (Tuntland 2006:209). Personar med lett grad av utviklingshemming, treng tett oppfølging i læring av dei nye oppgåvene som følgjer med stifting av eigen heim. Læring av ADL- ferdigheiter aukar moglegheita til å ta eigne avgjerder, og til å verte meir sjølvhjelpte (Tuntland 2006:55). Mangelen på kunnskapar og forståing for desse oppgåvene kan tenkast å skape frustrasjon og fortviling. Kanskje kan slike reaksjonar føre til handlingar som er utfordrande både for omgjevnadane og for brukaren sjølv.

3.5 Utfordrande åtferd

Dei vanlegaste formene for utfordrande åtferd, er sjølvskading, angrep og øydeleggingar. Slik åtferd er hyppigast for brukarar med stort hjelpebehov (Nøttestad og Søndenaa I: Eknes og Løkke (red.) 2009: 237). Handlingar som vert utført i ruspåverka tilstand, kan vere sosialt fornedrande for den som rusar seg. Det kan også vere krenkingar av andre, materielle skader og anna. Slike handlingar tar også Holden (2009) med i sin definisjon av utfordrande åtferd.

Fleire studiar viser at personar med lett grad av utviklingshemming er særslig utsette for rusmisbruk. Dei er sårbare fordi deira sosiale ferdigheter opnar for å oppsøkje miljø der rusmiddel er lett tilgjengelege. Rus kan kompensere for lav sjølvtilt og manglande evne til meistring. Eit sterkt ønskje om normalisering og integrering kan synest ivaretatt i rusmiljø. Til trass for høg fungering på nokre område, kan den utviklingshemma mangle kognitive føresetnader til å forstå verknad, skade og konsekvensar ved rusbruk. Dei kan fungere så godt at dei bur for seg sjølv, og er utan særleg hjelp frå kommunale tenester, men som følgje av det, vert dei meir utsatte for negativ påverknad ved val av dårlege rollemodellar. (Sauarlia I: Eknes og Løkke (red.) 2009: 259). På denne måten kan ein seie at lav støtte frå hjelpeapparatet opnar for utfordrande handlingar.

Nokre av konsekvensane av rusbruk kan altså vere ulike krenkande handlingar, ikkje berre mot andre, men også mot den som rasar seg. Det er fordi verknaden av rus gjerne reduserer grenser for oppførsel og vurderingsevne i samspel med andre. Men brukargruppa kan også verte utsatt for krenkande handlingar, utan bruk av rus.

3.6 Krenkande handlingar

Krenkande handlingar kan omfatte mange ulike former, der den som vert utsatt for dei vert nedverdiga. Til dømes kan hjelptrengande komme i ei underlegen rolle, der tenesteytarane kan handsame dei som om dei er ungar, eller i alle fall barnlege (Kittelsaa 2011:93). Seksuelle overgrep er eit anna døme.

Barstad (2006) definerar seksuelle overgrep slik:

Seksuelle overgrep omfatter enhver form for fysiske og/ eller psykiske seksuelle handlingar eller krenkelser begått av noen offeret kjenner eller ikke kjenner, og som det ikke er i stand til å samtykke i, for eksempel på bakgrunn av alder, modenhet eller trusler (Barstad 2006:168).

Slike krenkande handlingar vert utviklingshemma og funksjonshemma utsatt for to til tre gongar oftare enn andre, med anna fordi dei manglar kompetanse, er hjelpeavhengige og

forsvarslause, og fordi den sosiale kontakta dei har, er lita eller fråverande. Når utviklingshemma og funksjonshemma er offer i overgrepssaker, er det eit stort mistilhøve mellom overgripar og offer. Dei er avhengige av hjelp frå andre for å forstå det lovstridige i dette, og til å forstå kva det inneber i høve saksgang og rettsleg hjelp (Barstad 2006:168ff).

Ei anna krenkande handling er mobbing. Hanne Mathisen (2007), som har Downs syndrom, seier at ho vart mobba på grunn av at ho var annleis. Ho fortel om den sårande opplevinga mobbing er, og kor vanskeleg det var at ingen hjalp henne (Mathiesen I: Ellingsen (red.) 2007:22). No skjedde dette i skulealder, og altså før ho fekk utført tenester av det kommunale hjelpeapparatet. Det må likevel nemnast, fordi ho tar fram manglande støtte og hjelp som eit viktig poeng.

Svekka funksjons- og meistringsevne og negativ sosial fungering gjer personar med utviklingshemming utsette for mobbing, og særst utsette for negative følgjer som depresjon. Koplinga mellom mobbing og depresjon kjem fram av nyare forsking. Einsemde, endringar i butilhøve og negativ sjølvoppfatning, kan også føre til depresjon, seier forskarane Hove, Lier og Havik (2009). Dei hevdar at ei alvorleg psykisk liding, slik depresjon kan vere, kan medføre auka problemåtferd som irritabilitet, uro, sjølvskading og tap av ferdigheiter. Det igjen kan innebere auka krav til kompetanse og kostnadene, både i kommunale hjelpetenester og spesialisthelsetenesta.

For å kunne redusere mobbinga må ein kjenne den som vert mobba, og helst også den som mobbar, forklarar forskarane vidare. Utviklingshemma kan verte i betre stand til å møte utfordringar og motgang, dersom dei har god støtte frå andre. Kvalitativt gode hjelpetenester, med god planlegging og tilrettelegging kan vere avgjerande for å kunne førebygge eller redusere slike alvorlege konsekvensar. Brukarmedverknad vert sett på som ein viktig faktor i denne kvalitetsvurderinga (Hove m. fl. I: Bergen tidende, 12.okt.2009). Når kvaliteten på dei kommunale tenestene ikkje er god nok til å dekkje den hjelpa utviklingshemma treng, kan risikoene både for mobbing og psykiske lidingar auke.

Habiliteringsteamet for barn og vaksne, i Mosjøen har i ein rapport frå prosjektet ”Snart voksen- overgang frå ungdom til voksen for personer med lett utviklingshemming” vist kva for utfordringar denne målgruppa står overfor. Meistringsopplevelingar i kvardagen,

vanskar med å kjenne seg som ein del av det sosiale samværet og därleg sjølvkjensle, er sider som vert trekt fram. I rapporten vert det også oppsummert at frustrasjon, tilbaketrekking, problemåtferd og\ eller psykiske lidingar kan vere konsekvensar av desse utfordringane. Manglande kompetanse om, og forståing for kva for ferdigheter og avgrensingar dei har, og om kva for forventingar og moglegheiter som er knytt til denne overgangsfasen, vert omtalt som vanleg i denne gruppa (Molenaar og Kristiansen 2011:4).

4.0 Drøfting

Innleiingsvis forklarte eg bakgrunnen for at eg vil ta for meg overgangen frå heim til eigen bustad for personar med utviklingshemming, med at eg har sett ulike problem knytt til denne fasen. I problemstillinga, spør eg kva for konsekvensar dåleg planlegging og tilrettelegging kan få, og formålet med undersøkinga, er å synleggjere moglege konsekvensar og utfordringar. Dei ulike teoriane eg har trekt fram, skal eg no forsøke å setje i samband med eigne erfaringar, for om mogleg å nå formålet med oppgåva.

4.1 Korleis manglande tryggleik i ein overgangsfase kan påverke dei val og handlingar som vert føretatt.

Artikkelen til Barron m.fl. (2007) viser at personar med utviklingshemming er ekstra sårbare i overgangfasen mellom foreldreheimen og eigen bustad. Det er på grunn av funksjonshemminga deira, men også fordi dette generelt medfører uvisse og endringar i daglelivet. I artikkelen vert det også påpeika at desse personane vert utsette for risiko, fordi dei manglar ferdigheiter til å kunne verne seg sjølve. Det samsvarar med det Sauarlia skriv i Eknes og Løkke (2009) om risikoen for å oppsøkje rusmiljø i mangelen på å kunne velje gode nærpersongar, og for å oppnå godkjenning. Han påpeikar at risikoen er særleg stor for personar med lett utviklingshemming, fordi dei får lite hjelp frå kommunale tenester, og såleis vert overlatne i stor grad til seg sjølve. Rus kan kompensere for lav sjølvtillit og manglande evne til meistring. Deira sosiale ferdigheiter er gode nok til å oppsøke rusmiljø, men for svake til å kunne forstå konsekvensane av rusbruk.

Personar med lett grad av utviklingshemming ser ofte på seg sjølv som normale, sa vernepleiaren ved habiliteringstenesta. Det er truleg at dei derfor ønskjer å leve mest mogleg likt andre jamgamle. Kanskje får dei ei draging mot rus, sidan det kan synest å høyre til i mange ungdomsmiljø. Dersom dei utviklingshemma ikkje forstår skilnaden på ulike rusmiddel, greier å vurdere mengde, eller forstår korleis rus kan redusere vurderingsevna, er dei avhengige av å få kunnskap om dette. Det kan verte vanskeleg å styre unna rusmiljø, dersom dei ikkje får opplæring i metodar for å ta betre vare på seg sjølv, og dersom dei ikkje får korrigering og støtte frå kommunale tenester. Risiko for å

hamne i därleg selskap, få vennar med därleg påverknad, og kanskje også ruse seg, kan såleis vere ein av konsekvensane av å få for lite hjelp.

Denne gruppa er også utsette for mobbing, og for depresjon som ei følgje av det, hevdar forskarane Hove, Lier og Havik (2009). Dei trekkjer fram manglande funksjons- og meistringsevne, og lav sosial fungering som ei forklaring. Her ser vi at funksjonsnedsetjinga nok ein gong er tatt fram som årsak for at dei er ei utsett gruppe. Dette brukte Barron m fl.(2007) også som årsak, men då med tanke på rus. Manglande meistringsevne og svake sosiale ferdigheter framhevar også Sauarlia (2009), som risikofylte særtrekk.

Klefbeck og Ogden (2003) tar for seg Bronfenbrenner sin utviklingsteori, der han hevdar at menneske som er i økologiske overgangar manglar tryggleik. Flytting ut frå foreldreheimen, vert definert som ein økologisk overgang. Også her vert det sårbar ved situasjonen framheva. Ein økologisk overgang kan opplevast som positiv, men det avheng med anna av korleis den vert gjennomført, seier Bronfenbrenner. Med for lite hjelp kan den nye og uoversiktlege situasjonen skape forvirring. Det igjen kan ha negativ innverknad på sjølvbilete, som kan medføre ukloke val av omgangskrets og livsstil, slik Sauarlia viser det. Her vil eg også trekke fram Erikson sin teori om at identitets- og rolleforvirring kan verte resultatet når dei fasetypiske behova i puberteten ikkje er dekt.

4.2 Kva for konsekvensar kan manglande tilbakemeldingar få.

I prosjektrapporten til Molenaar og Kristiansen(2011) kjem det fram at personar med lett utviklingshemming kan mangle kompetanse og forståing for dei krav, forventingar og moglegheiter etablering i eigen bustad fører med seg. Det kjem fram at manglande meistringsevne i ADL- ferdigheter, sosial kompetanse og därleg sjølvbilete, kan føre til konsekvensar som frustrasjon, tilbaketrekking, problemåtferd og /eller psykiske lidingar (Molenaar og Kristiansen 2011:4).

Etter Waaktaar og Christie (2000) sin teori, er samspel med andre personar ein viktig faktor. Dei hevdar at identitetsoppleving er knytt til andre sine tilbakemeldingar på eigne

handlingar, skriv Tuntland (2006). Sett at brukaren sitt nettverk er samansett av personar med lett utviklingshemming, der dei enten er på same nivå når det gjeld funksjonsferdigheiter, har ulikt funksjonsnivå i tilsvarende område, eller fungerar såpass mykje betre at ho ikkje kan identifisere seg med dei. Då kan tilbakemeldingane vere av slik karakter at brukaren ikkje får ei naudsynt korrigering. Vennane har ikkje dei føresetnader som skal til. Dersom ho i tillegg får lite hjelp frå kommunale tenester, vil ho ikkje få tilfredsstilande tilbakemeldingar derifrå heller.

Ein brukar eg har kjennskap til, fekk lite hjelp til å pakke til ferietur, fordi personalressursane var knappe, og fordi det verka som ho greidde dette sjølv. Det viste seg at ho hadde pakka skitne klede, fordi dette var yndlingsplagg, og at ho mangla alt av toalettsaker, fordi ho ikkje såg dette som naudsynt. Då eg ved eit høve var i nærleiken når ho skulle pusse tenner, minte eg henne på å bruke tannkrem, og vart irettesett av brukaren, for mi mistru til henne. Det vart uttalt som om eg krenka henne ved å ymte frampå at ho mangla den kunnskapen. Likevel observerte eg at ho gjennomførte pussinga på rekordtid, og utan å bruke vatn. Det viste seg at desse episodane ikkje var enkeltståande, men føydde seg inn i rekkja av tilsvarende observasjonar andre hadde gjort. Den informasjonen brukaren hadde gitt om ADL- ferdighetene sine, viste seg altså å vere feilaktige og overdrivne.

Brukaranane kan ha ei oppfatning heimanfrå om kva for oppgåver som høyrer til det å styre eigen heim, men kan mangle ferdigheiter til å utføre dei, fordi dei ikkje har fått opplæring. Foreldra kan ha utført dei fleste huslege gjeremål, utan å sleppe barnet sitt til. Dersom desse brukaranane får lite hjelp, etter å ha flytta for seg sjølv, må dei kanskje finne sin eigen måte å handtere oppgåver på, fordi dei manglar modellar å lære av. Enkelte av dei måtane kan vere til å leve med, som til dømes at det til ei kvar tid ligg ustrokne dukar på bord og benkar. Er det brukaren sjølv som tar valet om å legge på ein rein, men ustroken duk, kan ikkje det kallast eit problem. Tvert imot får brukaren avgjere at duken ikkje skal strykast, og ho meistrar handlinga sjølv. Er det derimot ein brukar som tar på skitne klede, som er lagt til vask, kan det føre til at ho vert stempla som ureinsleg, og kanskje også fråstøytande. Då vil manglande hjelp føre til nedverdigande situasjonar.

Andre kan ha opplevd mange og for høge krav i foreldreheimen. Dei kan ha vorte overkjørt av vaksne nærpersongar, når dei skal utføre handlingar heime, slik at dei ikkje har

fått høve til å lære korleis dei skal utførast. Dette kan ha hindra dei frå å oppleve meistring, og tilveret åleine kan sjå ut til å fri dei frå mange nederlag. Det kan vere dei nyt fridommen ved å bli sleppe unna krav, når dei flyttar for seg sjølve. Slik eg har erfart det er mange flinke til å argumentere mot å ta imot hjelp. Kanskje kan det påverke dei forventingane vi i hjelpeapparatet har til dei, og at vi fokuserar på deira rett til fridom, og vurderar dei som i stand til å ivareta den?

Det kan på eit vis synest urimeleg at dei sjølve ikkje skal kunne få ta avgjerda om dei vil ha hjelp eller ei, og etter mi erfaring, skjer det også feilaktig misbruk av makt frå personalet si side. Når eg forsøkjer å sjå dette frå brukaren sin ståstad, trur eg det må opplevast krenkande, dersom vi trengjer oss på, og fortel at dei ikkje er i stand til å vere så fri som dei ønskjer.

Kittelsaa (2011) påpeikar at mange utviklingshemma vert identifisert med funksjonshemminga si, i staden for den måten dei ønskjer å presentere seg sjølv. Til det treng dei hjelparar som kan gi støttande tilbakemeldingar til den måten dei ønskjer å framstå. Dette ser ho i samband med identitetsutviklinga deira. Skal eg igjen freiste å sjå dette frå brukarane si side, kan eg trekkje fram ei dame som liker å stelle til selskap. Ho er flink til å planlegge og førebu dette, med anna når det gjeld innkjøp og matlaging. Ho ønskjer å framstå som ei dyktig husmor, men ønskjer ikkje å verte avslørt i at ho korkje kan bruken av klokke, eller har lese- eller skriveferdigheiter. Med tenesteytarar tilstades, som ho kjenner, kan ho få den støtte ho treng, slik at andre ser dei ferdighetene ho meistrar godt. Dersom dei ferdighetene gjer oss blind for den støtta ho faktisk treng, og vi reduserar hjelpetenestene hennar, risikerar ho at dei manglande ferdighetene vert avslørt. Etter Kittelsaa sin teori, vil det i dette dømet vere lett for at dei manglande ferdighetene kan dekkje over den drivande husmora brukaren faktisk er.

4.3 Når hjelpetenestene ikkje vert utført på ein fagleg forsvarleg måte.

Handlingsplanen for habilitering av barn og unge (2009), viser til at dei utfordringar desse står overfor i overgangsfasen til eit sjølvstendig liv, er å dekkje behova styrking av

autonomi, integritet, identitet og sjølvråderett. Som fleire teoretikarar har vist, med anna Kittelsaa (2011), Tuntland (2006) og Barstad (2006), medfører manglande ferdigheiter på ulike område, at utviklingshemma treng støtte og tilrettelegging frå hjelpeapparatet, for å få dekt desse behova.

Når vi møter brukarar som gir klare signal om å ville greie seg sjølv, og vi avviser det, og hevdar å vite best, handlar vi på ein paternalistisk måte. Christensen og Nilssen (2006) forklarar paternalisme med å ta avgjerder for andre, som til dømes når tenesteytarar meiner dei veit kva som er det beste for brukaren, og handlar ut frå det, fordi denne ikkje er i stand til å ta avgjerder sjølv. Dei viser også til den vanskelege balansegangen mellom ansvar for, og respekt for den enkelte brukar. Vi kan lett hamne i eit etisk dilemma. Skal vi ta omsyn til brukaren sitt ønskje om fridom, eller til vårt ansvar for å setje han i stand til å meistre nye oppgåver? Sjølv om vi kan argumentere med at auka meistring kan gi større fridom, kan dei paternalistiske handlingane dette kan medføre, vere krenkande.

Sett frå ei anna side, kan den fridomskjensla eg viser til, også føre til krenkande situasjonar, fordi manglande kunnskap om vanlege ADL- ferdigheiter kan verte synlege. Brukarane kan stå i fare for å verte stigmatisert på grunn av den avvikande åferda desse manglane kan medføre. Kittelsaa (2011) viser til fleire som hevdar at identitet som utviklingshemma kan overskugge identifisering for andre særtrekk ved individet. Då kan argument som fagleg og etisk forsvarlegheit nyttast til fordel for auka hjelp, trass motstand mot dette. Som ein del av mi førforståing, såg eg for meg at lite hjelp til personar med lett grad av utviklingshemming vil vere ressurssparande, og at det i tider med knappe ressursar kan vere lett å ty til slike løysingar. Dersom det er slik, og at løysingane vert dekt bak honnørord som brukarmedverknad og autonomi, kan det ha negative ringverknader på sikt. For lite hjelp kan føre til ein nedverdigande livssituasjon for brukarane, fordi vi ikkje har greidd å handtere balansegangen mellom ansvar og respekt på ein fagleg forsvarleg måte.

Synet på at dei skal få fridom til å ta eigne avgjerder og greie seg sjølv, kan altså ha samanheng med haldning til hjelpebehov, slik det avspeglar seg i dei tilboda som vert gitt. Snoek og Engedal (2000) seier at personar som har hatt hjelpetiltak i skulen, seinare greie seg godt utan. Det kan godt vere slik for enkelte, men dersom dette vert ei styrande haldning til ei godtfungerande gruppe, kan det slå feil ut. Lorentzen (2007) påpeikar at utviklingshemma som ikkje er i stand til å ta handtere den fridom og dei val vaksne

sjølvstendige menneske må ta, må få hjelp til å oppnå mest mogleg kunnskap om dette for å oppnå sjølvstende og autonomi (I: Ellingsen (red.)2007). Dersom det skulle vise seg at mange med lett utviklingshemming vert overvurdert, kan det tenkjast at dei kjenner eit forventningspress til å greie seg utan hjelp, etter enda skulegang.

Ungdommar flest møter forventingar om sjølvstende, når dei lausriv seg frå foreldra. Om menneske med lett grad av utviklingshemming møter dei same forventningane om å verte sjølvstendige, som ungdommar elles, slik Albright (1998) skriv, kan dette medføre at dei prøver å skjule dei manglande ferdighetene? Eller kan det føre til frustrasjon og sinne, fordi dei ikkje har føresetnad for å greie seg utan hjelp? Det treng kanskje heller ikkje å vere eit enten eller. Prosjektrapporten til Molenaar og Kristiansen (2011), stadfestar at frustrasjon og sinne, eller i alle fall problemåtfert, kan vere nokre av reaksjonane i overgangsfasen, og vert sett på som konsekvensar av dei utfordringar brukarane møter.

Er det slik at ein brukar møter forventingar om å klare å bu for seg sjølv, utan å få særleg hjelp, men manglar roller å identifisere seg med, trur eg det kan påverke sjølvkjensla på ein negativ måte. Fagkonsulenten ved habiliteringsseksjonen styrka også dette, ved å hevde at mange av personane med lett utviklingshemming ser på seg sjølve som normaltfungerande, men finn få å identifisere seg med. Ho dreg også ei line mellom positiv identitetkjensle og meistring av oppgåver heime og på arbeid. Her kan eg igjen sjå tilbake på teorien om mobbing og depresjon. Negativ meistringsevne kan vere ei av årsakene til mobbing, og både det og negativ sjølvkjensle kan medføre depresjon (Hove m. fl, 2009).

Både Tuntland (2006), fagpersonen i habiliteringstenesta, og fagskriftet frå Helse Øst (Fjeld m. fl. 2006) påpeikar ei fare for at mange utviklingshemma vert overvurdert, fordi kartlegging av ADL- ferdigheiter manglar. Tuntland (2006) forklarar at personar med utviklingshemming kan ha ein ujamn ferdigheitsprofil, som vil seie at dei er dyktige i enkelte gjeremål, men samstundes mangle grunnleggande kunnskap på andre område, og kan trenge trening på desse områda. Dei kan også ha vanskar med å overføre ferdigheiter frå eit område til eit anna.

Er det i møte med utviklingshemma som er dyktige på godt synlege område, som kommunikasjon, skriving og enkelte aktivitetar , at vi overser dei funksjonsvanskane deira

som kan gi aukande problem? Eg trur det kan vere slik, og at konsekvensen kan verte at dei får for lite hjelp. Eit døme kan vere ein brukar som har fleire av dei positive ferdighetene eg nemner over, men som hadde minimale kunnskapar om hygiene. Det tok tid før dette vart oppdaga, fordi vi hadde få tilsyn, og var sjeldan i nær samhandling med henne. Når funksjonsvanskane var tydelege, oppdaga vi også manglar ved dei tilsynelatande gode ferdighetene. Til dømes var dei kommunikative ferdighetene ikkje så gode som vi først trudde. Det ekspressive språket var bra utvikla, medan det reseptive språket viste seg å vere svakt. Sjølv om ho var flink til å uttrykkje seg, hadde ho vanskar med å forstå det som vart formidla til henne.

Ein anna brukar, som hadde eit endå betre utvikla ekspressivt språk, vart sett på som noko lat. Han sa seg einig i dei avtalar om gjennomføring av huslege gjeremål som vart gjort, men overheldt dei sjeldan, sjølv om han ikkje verka negativ på nokon måte. Det faktum at han diskuterar vanskeleg internasjonal politikk, har gode datakunnskapar, og kan reise utomlands på eiga hand, fekk oss først til å tru at han har eit høgt funksjonsnivå. Når han samstundes strødde rundt seg med juicekartongar, tom emballasje og skitne tallerkenar, vart han altså sett på som lat. Det skulle vise seg at han hadde store manglar når det gjaldt ADL -ferdigheiter. Han forstod ikkje kvifor maten som stod på bordet i fleire dagar vart forderva, eller kvifor ein ikkje nyttar same handduken i dusjen, til golvvask og til å tørke koppar.

Når vi overvurderar brukarane, er det lett for å ha for høge forventingar til brukarane, og dei utviklingshemma står då i fare for å bli tildelt oppgåver dei ikkje har føresetnad til å forstå eller meistre, slik Lorentzen uttrykkjer det i Ellingsen(red.)(2007). Sidan meistring, i følgje Waaktaar og Christie (2000) (Tuntland 2006), er nært knytt til med anna stadfesting av identitet, og til å vere sjølvhjelpt, kan ein lett forstå kor viktig det er at brukarane ikkje vert overvurdert, men får oppgåver dei kan meistre. Tuntland (2006) seier det er ein føresetnad at ein meistrar ulike ferdigheter som matlaging, husarbeid, handtering av økonomi og handling og hygiene, dersom ein skal bu i eigen bustad. Ho framhevar at hyppig opplæring, særskilt i overgangsfasen, er svært viktig for personar med lærevanskar, og at auka ADL- ferdigheter vil auke moglegheita til å ta eigne avgjerder, og til å verte meir sjølvhjelpte.

Dette viser at tenesteytarane må legge tilhøva til rette for at brukarane skal kunne meistre dei nye oppgåvene i heimen sin. Dersom dei jamt over får for lite hjelp, kan ein konsekvens verte at dei får lav meistringskjensle. Enkelte kan til dømes trenge hjelp til å rydde i papirbunken, for å få skilt ut viktige beskjedar og rekningar, frå reklamer og strikkeoppskrifter. Utan slik hjelp kan dei ikkje greie å administrere rekningar og avtalar sjølv, og kan bli sett i ein nedverdigande situasjon på grunn av manglande meistringsevne.

4.4 Kvifor krenkande handlingar kan vere ein konsekvens av for lite støtte.

Barstad (2006) skriv at personar med utviklingshemming er to til tre gongar så utsett for seksuelle overgrep som andre, fordi dei manglar kompetanse, er hjelpeavhengige og forsvarslause, og fordi dei har minimal sosial kontakt. Seksuelle overgrep ser eg som noko av det mest nedverdigande nokon kan verte utsett for. Som det er påpeika ovanfor, er tilføring av kunnskap viktig for at brukarane skal meistre nye oppgåver. Dersom manglande kompetanse vert retta på ved opplæring, forstår eg det slik at risikoene for dette kan verte redusert. Ved därleg tilrettelegging av hjelpetenestene, kan konsekvensen då verte at det framleis er risiko for overgrep, sidan kompetansen er uendra, og dei utviklingshemma er like forsvarslause og hjelpeavhengige.

På same måten viser Hove m. fl. (2009) at svekka funksjons- og meistringsevne og sosial fungering kan medføre mobbing. For å redusere mobbing må ein kjenne offeret, som i dette tilfellet er personar med utviklingshemming. Brukaren, som står i fare for å verte mobba, treng støtte av andre, på grunn av manglande ferdigheiter. Konsekvensen av å få lite støtte, kan såleis vere mobbing. For dei som likevel vert utsett for det, kan mangelen på planlegging og tilrettelegging medføre alvorlege konsekvensar, som depresjon og auka problemåtfurd, der irritabilitet, uro, sjølvskading og tap av ferdigheiter, er gitt som døme.

Utan at eg kan drage ein parallel mellom dei to døma over, og andre krenkande handlingar, kan det likevel synest som at manglande støtte frå hjelpeapparatet gjer brukarane meir utsett for nedverdigande situasjonar, fordi dei manglar ferdigheiter til å verne seg sjølv.

5.0 Avslutning

5.1 Oppsummering og konklusjon

Eg har sett på problemstillinga ”Ved flytting frå heim til eigen bustad- kva for konsekvensar kan därleg planlegging og tilrettelegging få for menneske med lett utviklingshemming?”. Formålet mitt har vore å synleggjere nokre av dei konsekvensar og utfordringar som manglande planlegging og støtte kan få for denne gruppa.

Menneske med lett grad av utviklingshemming kan vere i ein vanskeleg situasjon når dei har etablert seg i eigen heim. Dei kan oppleve overgangsfasen som ei krise, med uvisse og forvirring, der dei manglar tryggleik og er sårbare. Mange kan skilje seg lite ut frå ungdommar elles, fordi dei tilsynelatande fungerar godt, men utviklingshemma kan ha ein ujamn ferdigheitsprofil, som vil seie at dei kan fungerer godt på nokre område, og svært därleg på andre.

Dersom dei samanliknar seg med jamaldringar, kan ønskje om sjølvstende, vere så sterkt at dei ikkje vil ta imot tenester frå hjelpeapparatet. Å vere hjelpeavhengig kan opplevast som krenkande. Det kan vere dei kjem i ein vond sirkel, der dei manglande ferdigheitene vil kunne auke, og det kan medføre nedverdigande situasjoner.

Det kan også verte stilt for store forventingar til dei. Erfaringane til fagpersonen ved habiliteringstenesta meiner eg vert støtta av ulike teoriar om at manglande kartlegging medfører overvurdering av denne gruppa. Manglande meistringsevne, kan det medføre lavt sjølvbilete, og når dei i ein slik overgangsfase vert utrygge, kan det få konsekvensar som rolle- og identitetsforvirring, noko som også kan påverke sjølvbilete deira.

Balansegangen mellom ansvar for, og respekt for er vanskeleg, særskilt for dei som ønskjer seg fridom til å ta eigne avgjerder og greie seg utan hjelp, men som ikkje har føresetnader til det. Enkelte kan overvurdere seg sjølv, eller bli overvurdert av andre, og står i fare for å ta på seg, eller verte pålagt oppgåver dei ikkje er i stand til å handtere. Utryggleiken vert forsterka dersom dei ikkje får oppleve meistring. Overgangfasen

inneber også utfordringar som utvikling av sosiale nettverk, fritidsaktivitetar, seksualitet og samliv, einsemd, mobbing, rus og anna.

Manglande ferdigheiter til for å kunne verne seg sjølv gjer dei sårbare. Derfor er dei ekstra utsette for å hamne i rusmiljø, fordi dei har lav meistringsevne og sjølvtillit. Mange forstår ikkje konsekvensen av rusbruk, men kan oppleve å verte godkjent i desse miljøa. Dette er, slik eg ser det, også noko som vert meir sårbart til mindre hjelp og støtte dei får. Samspele med andre er viktig for å få tilbakemeldingar på handlingane sine. Dersom fagpersonar frå hjelpetenesta er meir tilstades, kan brukarane få hjelp til å ta kloke val når det gjeld slikt som vennar, aktivitetar og omgang med alkohol.

Nokre er også utsette for seksuelle overgrep, mobbing eller andre krenkande handlingar. Manglande kunnskap om eigen kropp og seksualliv, kjärestar og samliv og retten einkvar har til å bestemme over seg sjølv, kan vere årsaker til dette. Ein konsekvens av for lite tilrettelegging på dette området, kan altså vere auka fare for overgrep. Likeeins kan ein konsekvens vere auka fare for mobbing, og dermed også depresjon og auka problemåtferd, sidan dette er bunde saman.

Dette synest eg viser at for dårleg planlegging og tilrettelegging i overgangfasen mellom heim og eigen bustad, kan medføre ulike konsekvensar for personar med lett grad av utviklingshemming, og der nokre av konsekvensane kan vere av alvorleg karakter.

Ved for dårleg tilrettelegging og planlegging for andre brukargrupper, som til dømes andre utviklingshemma, psykiatriske pasientar eller eldre, kan det, slik eg ser det, få tilsvarande konsekvensar. Utryggleik, rolle- og identitetsbygging, manglande meistring, sårbare og krenkande situasjonar og utfordrande åtferd, kan vere negative konsekvensar når demente misser ferdigheiter til å ta vare på seg sjølv, eller når sjukdommar gjer oss pleietrengande og avhengige av andre. Rollene våre vert endra, og vi kan misse den kvardagen vi til ein viss grad kunne kontrollere tidlegare. Slik sett kan problemstillinga også gjelde andre hjelpetrengande.

Konsekvensane eg trekkjer fram her, er bygd på det eg valt av litteratur, samtalar med erfarte fagfolk, og eigne erfaringar frå tida før og under studiet. Mitt utval av litteratur har vore påverka av førforståinga mi, men også læraren sine og eigne korrigeringar undervegs.

Eg kunne ha valt anna teori, som til dømes om stigmatisering, roller eller sosialisering, eller fokusert på brukarstyrt personleg assistent, og sett det i lys av makt og avmakt. På den måten kunne eg ha kome fram til andre konsekvensar. Mine val av teoretiske område er gjort både utifrå dei vurderingar eg gjorde i tidleg i arbeidet, tilbakemeldingar frå læraren, og eigne justeringar undervegs.

Det er også andre utfordringar personar med lett grad av utviklingshemming, står overfor når dei flyttar for seg sjølv. Her kan eg nemne seksualitet og samliv, einsemd, konflikthandtering, arbeid og fritidsaktivitetar. Det ville vere for tidkrevjande å gå inn på alle desse, men det er på sin plass å vise at dei kan vere ein del av kvardagslivet. Truleg er det endå fleire, og truleg vil utfordringane også variere etter kva for familietilhøve, miljø og kultur ein er ein del av. Kva for konsekvensar manglande tilrettelegging kan få med tanke på desse områda, skal eg ikkje uttale meg om, men det kunne vore nyttig å sjå nærmare på.

Eg trur mange problem kunne vore unngått, dersom brukaren vert betre førebudd på flyttinga, slik at rolla til brukaren sjølv, og rollene til hjelparane er tydelege. For at menneske med lett grad av utviklingshemming skal verte i stand til å meistre ulike oppgåver, slik at dei kan oppnå sjølvstende og autonomi, må overgangen vere godt planlagt. Det inneber først og fremst ei grundig funksjonskartlegging, men også systematisk opplæring i daglege gjeremål, bygging av nettverk og med trygge og kompetente hjelparar dei kan vende seg til. I FN sine standardreglar, som byggjer på menneskerettane, handlar regel nr 5 om tilgjengelelse. I det ligg det både generell tilrettelegging og individuell tilpassing av hjelpemiddel, tiltak og tenester. God planlegging og tilrettelegging vil vere i tråd med denne standardregelen, som kommunane er moralsk og politisk forplikta til (Øverlier I: Markussen 2000:138).

5.2 Refleksjon

Det eg har lært av arbeidet med problemstillinga, er at dei konsekvensar som eg med mi førforståing synest var opplagte, må bli sett i lys av dei variasjonar menneskelege handlingar og reaksjonar inneber. Det vil seie at eg ikkje kan drage slutningar om at dei

konsekvensane eg nemner, er gyldige for heile gruppa. Dei treng heller ikkje vere gyldige for dei enkeltpersonane eg kjenner til, men kan gi meg auka forståing av kva därleg planlegging og tilrettelegging kan medføre. Sett på den måten har eg fått auka kunnskap i arbeidet med problemstilinga.

Når eg i problemstillinga varslar at eg vil sjå moglege konsekvensar av for lite planlegging og tilrettelegging, kan eg ha førespøgla at eg ville finne meir konkret handlingar eller åtferder. Slik problemstillinga er formulert, kan det vere eg ha valt teori som ligg litt på sida av temaet. Av den rettleiinga eg fekk, vart eg gjort merksam på dette, men synest likevel det var vanskeleg å endre kurs. Kanskje er det fordi eg ofte leitar etter slike forklaringar som ikkje ”ligg opp i dagen”, men som er bakanfor det vi ser.

Til meir eg har lese, dess fleire aktuelle område har kome til syne. I ettertid ser eg at eg kunne ha prioritert annleis, og fått oversikt over alle desse områda langt tidlegare. Då hadde eg kunne valt andre innfallsvinklar til temaet, og vurdert dei tidlege ideane som utskiftbare.

Det eg også har lært av dette arbeidet, er at dei tidlege utkasta og disposisjonane ikkje var godt nok gjennomtenkte med tanke på å få heilskap i oppgåva. Dessutan var det negativt å arbeide så oppstykka som eg gjorde, endå vi vart råda til jann innsats.

Når eg ser tilbake på dei andre oppgåvene eg har arbeidd med i studiet, har eg på liknande måte gjort mistak eller funne andre innfallsvinklar, men utan at eg av den grunn har vore einsidig misfornøgd med det ferdige produktet. Leiting, prøving, feiling og justering hører med i oppgåveskriving, og slik sett har vegen fram mot mi ferdige bacheloroppgåve vore ein normal prosess.

Litteratur

Barron, Diana Andrea, Jo Violet og Angela Hassiotis (2007). *Transitions For Children With Intellectual Disabilities.* I: St. George`s, University of London: *Understanding Intellectual Disability & Health.* www.intellectualdisability.info/life-stages/transition-for-children-with-intellectual-disabilities (lest 27.04.12)

Barstad, Bernt (2006). *Seksualitet og utviklingshemming.* Oslo: Universitetsforlaget.

Bunkholdt, Vigdis (2000). *Utviklingspsykologi.* Otta: Universitetsforlaget.

Bunkholdt, Vigdis (2002). *Psykologi. En innføring for helse- og sosialarbeidere.* Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, Olav (2007) *Metode- og oppgaveskriving for studenter.* Oslo: Gyldendals Akademisk

Eknes, Jarle, Trine Lise Bakken, Jon- Arne Løkke og Ivar Mæhle (2008). *Utredning og diagnostisering, utviklingshemming, psykiske lidelser og atferdsvansker.* Oslo: Universitetsforlaget.

Eknes, Jarle og Jon Løkke (red.) (2009). *Utviklingshemming og habilitering, innspill i habiliteringsprosessen.* Oslo: Universitetsforlaget.

Ellingsen, Karl Elling (2007)(red.). *Selvbestemmelse. Egne og andres valg og verdier.* Oslo: Universitetsforlaget.

Fjeld, Wenche, Nadine Hinsch, Eivind Øyslebø, Clas Jansson, Kristin Ottesen og Asbjørg Berget (2006). Helse Øst: *Frå hjem til hjem. Forberedelser og gjennomføring av flytting frå foreldrejem til eget hjem for mennesker med utviklingshemming.*

http://www.sykehuset-innlandet.no/omoss/avdelinger/habiliteringstjenesten-i-oppland/Documents/Faghefter/Faghefte_Fra%20hjem%20til%20hjem%20nett.pdf

(lest 09.05.2012).

Hauge, Lars Steinar og Bjørn Holgernes (2005). *Vitenskap og språk. En innføring i vitenskapsfilosofi og logikk.* Kristiansand: Høyskoleforlaget

Helsedirektoratet (2009). *Handlingsplan for habilitering av barn og unge*(IS-1692). På internett: <http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/handlingsplan-for-habilitering-av-barn-og-unge/Publikasjoner/handlingsplan-for-habilitering-av-barn-og-unge.pdf> (lest 25.05.12).

Holden, Børge (2009). *Utfordrende atferd og utviklingshemning. Atferdsanalytisk forståelse og behandling.* Oslo: Gyldendal Akademisk.

Hove, Oddbjørn, Haldis J. Økland Lier og Odd E. Havik I: Bergens tidende , 12.oktober 2009: *Mobbing gir psykiske vansker hos personer med utviklingshemning.* Gjengitt i Magasinet Utvikling (NAKU), 30.januar 2012. www.naku.no/node/887 (lest 20.mai 2012).

Kittelsaa, Anna M. (2011). *Vanlig eller utviklingshemmet? Selvforståelse og andres forståelser.* Bergen: Fagbokforlaget.

Klefbeck, Johan og Terje Ogden (2003) *nettverk og Økologi. Problemløsende arbeid med barn og unge.* Oslo: Universitetsforlaget.

Molenaar, Karen og Marita Undhjem Kristiansen (2011). Helgelandssykehuset Mosjøen, Habiliteringsavdelingen. Prosjektrapport: *Snart voksen – overgang fra ungdom til voksen for personer med lett utviklingshemming.*

Nilsson, Britta og Ellen Lühr (red.) (1998). *Ungdomstid, funksjonshemning og løsrivelse.* Oslo: Kommuneforlaget

Snoek, Jannike Engelstad og Knut Engedadl (2000). *Psykiatri.* Otta: Akribe Forlag.

Sosial og helsedirektoratet (2007). Rapport. *Vi vil, vi vil, men får vi det til? Levekår, tjenestetilbu og rettsikkerhet for personer med utviklinghemning.* På internett:

www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/vi-vil-vi-vil-men-far-vi-det-til/Publikasjoner/vi-vil-vi-vil-men-far-vi-det-til.pdf (lest 18.05.12)

Tuntland, Hanne (2006). *En innføring i ADL. Teori og intervension*. Kristiansand S: Høyskoleforlaget.

Snoek, Jannike Engelstad og Knut Engedal (2000) *Psykiatri. Kunnskap, Forståelse, Utfordringer*. Otta: Akribe Forlag.

Øverlier, Tine (2000). FN-standardregler for like muligheter for mennesker med funksjonshemmning – kan de brukes i norske kommuner?. I: Markussen, Eifred (red.). *Menneskeverd. Funksjonshemmet i Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Vedlegg 1 Intervjuguide

Halvstrukturert intervju med ein vernepleiar ved ein seksjon for vaksenhabilitering (HAVO), 06.12.11

Vernepleiaren eg intervjuja har lang erfaring som fagkonsulent ved HAVO, og tidlegare frå kommunale verksemder.

Spørsmål: Eg har erfart at det kan vere ein stor og vanskeleg overgang for unge utviklingshemma som flyttar frå heimen til eigen bustad. Mitt inntrykk er at overgangen er dårleg førebudd, både med omsyn til brukaren og til hjelpeapparatet, og at det derfor oppstår unødig store problem. Er dette problem som HAVO kjenner til?

Spørsmål: Verkar det som det er lita forståing i kommunane for å bruke større ressursar på denne gruppa?

Spørsmål: Kva vert gjort frå HAVO si side?

Spørsmål: De seier her ved HAVO at mange personar med utviklingshemming vert overvurdert. Kva kan det medføre?

Spørsmål: Korleis kan ein møte brukarar som ikkje vil ta imot hjelp, men som synest dei klarer seg sjølv?